

Sandsøy Idrettslag


[Klubbhusprosjektet](#)
[Treningsstudio](#)
[Nyheitsarkiv](#)
[Nyheitsarkiv 151](#)
[Reportasjer](#)
[Møteplan](#)
[Medlemskap](#)

Nyheitsarkiv 151

[T.o.m. 2014](#)
[Januar-juni 2015](#)
[Juli-desember 2015](#)
[Januar-juni 2016](#)
[Juli-desember 2016](#)

## SYTTEN I TERRENGET

[24.06.15] **Det var 17 deltakarar og omtrent like mange tilskodarar då friidrettsgjengen runda av treningshalvåret med terrengløp frå Oshaugane Stadion onsdagskvelden.**

Folk i alle aldrar møtte opp og sytte for eit kjekt lite arrangement. Dei aller yngste sprang ei 300 meter lang løype med start og mål på bana og sløyfe på nordaustsida. Dei frå ti til fjorten år måtte ei runde bort til nordvestenden av stadion i tillegg, noko som utgjorde cirka 700 meter totalt.

For dei frå femten år og oppover var det duka for turen over fjella Kletten og Kulen, høvesvis 130 og 112 meter over havet, og ei løypelengd på temmeleg nøyaktig 3 kilometer. Etter fullført løp, fekk alle deltakarar gratis pølse med brød.

Friidrettsgjengen takkar for oppmøtet, og spesielt for hjelpa til dei som var med og laga til løype og styrte med tidtaking. Treningsgruppa har no "treningsfri" eit par månader. Beskjed vert gitt når treningane startar opp igjen!

[Deltakarliste.](#)

Bilete kjem i fotoalbumet så snart vi får opplastinga til å fungere!

## SANDSØY IL PÅ GAUSTATOPPEN

[20.06.15] **Våre eigne Anders Bringsvor og Eirik Voksøy Bringsvor er stadig vekk med på løpskonkurransar rundt omkring. Denne helga er dei i Telemark og Rjukan for å bestige Gaustatoppen i løpet Viking Challenge.**

Dei melder om eit knalltøft løp med to lange og bratte parti, og generelt ei teknisk krevjande løype. Distansen frå Rjukan til Gaustatoppen er 12 kilometer og omtrent 1600 høgdemeter. Eirik krabba seg over mål på tida 1.50.20, og tok med det åttandeplassen totalt. Det var godt nok til tredje plass i juniorklassen. Anders hadde ei enda tøffare ferd mot toppen, men klarte likevel 2.14.33.

På biletet ser vi Eirik på premiepallen (til høgre).

Resultatliste er å finne [her](#).

[Viking Challenge](#) si heimeside.

## FOTBALLKVELD

[17.06.15] **Fredag 3. juli arrangerer idrettslaget fotballkveld i Oshaugane.**

**Konseptet går ut på at alle som har lyst til å spele fotball, kan møte opp og vere**

med på eit lag. Altså er det ingen påmelding, men dersom nokon har samla eit lag på førehand, kan det meldast på.

[Sjå oppslaget for komplett info.](#)

---

## NOK EIN PALLPLASS

[17.06.15] **Eirik Voksøy Bringsvor** held fram med å levere gode resultat på løpskonkurransar rundt om i distriktet. Søndag vart det tredjeplass på motbakkeløpet Trollekykjen Opp, som gjekk frå Nordfjordeid og opp til om lag 900 meter over havet. Det var mangeårig Sjutoppsturen-deltakar Arve Rindal frå arrangørklubben Eid som var først til topps. Anders Bringsvor deltok også.

[Resultatliste.](#)

---

## REPRESENTANTAR PÅ BIRKEN

[17.06.15] Laurdag deltok Kristoffer Bugge og Tony Stian Våge i det tradisjonsrike Birkebeinerløpet på Lillehammer. Begge representerte Sandsøy IL.

Resultatlistar er å finne [her](#).

---

## FEIANDE FLOTT FOTBALLTURNERING!

[15.06.15] Det var liv og røre i Oshaugane søndag, då åtteårslaget vårt avvikla fotballturnering med fire gjestande lag. Det vart gjort ekstra stas på dei unge spelarane i form av felles innmarsj og presentasjon av laga før første kamp. Det vart ein flott ettermiddag i det gode, men vindkalde været.

Spesielt populært var grillteltet som var sett opp for høvet. Spyd med fisk eller kjøt gjekk som varmt kveitebrød. Eit lite skår i gleda for nokre av dei tilreisande, var at dei ikkje kom med første ferjeavgang tilbake frå Voksa. Som plaster på såret serverte arrangørane nysteikte vafler til dei ventande på ferjekaia.

I tillegg til vertslaget Sandsøy/Kvamsøy, deltok Tjørnvåg, Bergsøy, Gurskøy og Larsnes. Fleire bilete kjem vonleg i fotoalbumet snart!

---

## TERRENGLØP ONSDAG 24. JUNI

[09.06.15] Sandsøy Idrettslag ved friidrettsgruppa inviterer til terrengløp siste onsdagskvelden i juni. Sjå [invitasjonen](#) som er sendt ut til lokale klubbar for meir info. Det vert presisert at dette er eit primitivt og småskala arrangement.

---

## "HØYRING" OM TRENINGSAPPARAT

[09.06.15] Prosjektnemnda for klubbhusutvidinga skal til med å lage eit prisoverslag for det som skal inn i trimromet og garderobene som kjem. I samband med det ynskjer dei innspel frå folket rundt kva utstyr og apparat vi bør ha. Dei som har noko på hjartet vert bodne om å ta kontakt med ein av medlemmane i prosjektnemnda, fortrinnsvis Eirik (994 22 824).

[Infoplakat om klubbhusprosjektet.](#)

---

## MEDLEMSKONTINGENTEN

[04.06.15] Giro for betaling av medlemskontingent er levert til alle husstandar på

**Sandsøya og Voksa. Prisane er som før, meir om medlemsskap [her](#). Vi presiserer at alle aktive og tillitsvalde pliktar å teikne medlemsskap i idrettslaget. Andre, som ikkje har motteke giro, kan sjølvsagt også teikne seg som medlem!**

---

## LAGBILETE G12

[02.06.15] **I samband med førre heimekamp for G12-laget, vart det teke eit flott lagbilete. Dei som ynskjer å få dette tilsendt, kan sende si e-postadresse [tilendre@bta.as](mailto:tilendre@bta.as).**

---

## FØRST TIL TOPPS PÅ HIDSEGGA

[30.05.15] **Moltustranda Mosjonsfestival vert arrangert denne helga, og i dag stod motbakkeløp til Hidsegga/Veten på programmet. Løpet er 6,5 kilometer langt og endar på 556 meter over havet - med panoramautsikt mot Sandsøya. Som i fjor var det Eirik Voksøy Bringsvor som stakk av med førsteplassen. I tillegg forbetra han sin eigen løyperekord med litt over tre minutt. Anders Bringsvor sprang inn til ein fin-fin femteplass.**

Sistnemnde deltek neste laurdag i det 21 kilometer lange løpet frå Geiranger til Dalsnibba (1476 moh). Den 19. juni reiser begge til Rjukan i Telemark for å vere med på "Viking Challenge" med målgang på Gaustatoppen, 1883 meter over havet, får vi opplyst.

Ein annan sandsøying, Åsmund Bringsvor, var i dag med på motbakkeløpet Varden Opp frå Langevåg til Sulafjellet, 776 meter over havet. Her var det eit større konkurransefelt enn på Moltu, og Åsmund kom seg til toppen som nummer 56 totalt og nummer 18 i si klasse, M 23-34.

Mosjonsfestivalen hadde eit tjuetals deltakarar i dag, medan løpet i Langevåg hadde over nitti.

[Sunnmørsposten](#) og [Kondis](#) om Varden Opp.  
[Diverse om Mosjonsfestivalen](#) (Facebook).

---

## FOTBALLTURNERING FOR G08 SØNDAG 14. JUNI

[28.05.15] **Sandsøy IL arrangerer åtteårslaget si andre turnering for året i veke 24, og det er no bestemt at det vert søndag 14. juni frå klokka 12.30 og utover dagen eit par timar. Meir info når det nærmar seg. Gjestande lag er Tjørnvåg, Bergsøy, Larsnes og Gurskøy. Set av denne søndags ettermiddagen til ei kjekk stund i Oshaugane - det er vanlegvis mykje folk og liv og røre på desse arrangementa!**

---

## EIRIK PÅ TREDJEPLASS I SYVDE

[23.05.15] **Sandsøy Idrettslag var i dag representert ved Anders Bringsvor og Eirik Voksøy Bringsvor under motbakkeløpet Blåfelden Rett Opp i Syvde. Sistnemnde utmerka seg med tredje plass totalt og siger i si klasse, M 20-22. Anders endte som tredje best i klasse M 35-39 på ein 15.plass totalt.**

Dei to første pallplassane gjekk til olympisk meister Kristen Skjeldal frå Voss, som i ein alder av 48 år framleis har det i seg, og Arve Rindal frå Nordfjordeid, som er blant dei beste lokale motbakkeløparane og som har vunne dette løpet før. Det var totalt 64 deltakarar i konkurranseklassene.

Løypa vart korta ned på grunn av snø på sjølve Blåfelden, som ragar 820 meter over havet. Målgang var i staden på om lag 760 moh, og løpet vart 3 km. Sidan dei første 750 meterane går på flat veg ved havnivå, er stigninga fordelt på berre i overkant av 2 km. Svært bratt, altså. Vinnartida til Skjeldal var 32:26, medan Eirik passerte målstreken på 34:09. Anders klarte 39:13.

Resultatlistar er å finne på [arrangøren si nettside](#).

Sjekk også reportasjene til [Kondis](#), [Synste Møre](#) og [Sunnmørsposten](#).

---

## PÅMELDING SPAREBANK 1-LEIKANE

[16.05.15] **Måndag 25. mai (andre pinsedag) er friidrettstemnet Sparebank 1-leikane for aldersgruppa 6-14 år i Ørsta. Dei som vil vere med på dette, må gi beskjed til Eirik (994 22 824) innan onsdag 20. mai. På linken under finn du meir info og øvingsutval. Dei som i 2015 er 11 år eller eldre, kan velje seg ut maksimalt tre øvingar.**

[Invitasjon Sparebank 1-leikane.](#)

---

## INNSAMLING AV MOBILTELEFONAR

[10.05.15] **Ei stund framover vil det vere innsamling av gamle telefonar på butikken. Tiltaket er eit samarbeid mellom Sandsøy Idrettslag, Noregs Idrettsforbund og Telenor. Vi oppmodar sjølvsgagt alle til å leite gjennom kasser, skuffer og skap!**

Les meir om prosjektet [her](#).

---

## TI BLIDE UNGAR PÅ TERRENGLØP

[01.05.15] **Sandsøy Idrettslag vart i dag representert av ti ungar i alderen 5-21 år under terrengløpet på Åheim. Mange gode prestasjonar og plasseringar. Eirik Voksøy Bringsvør vann klasse menn senior 21-34 år, og vart totalt nummer to blant dei som sprang den lengste løypa. Kristian Nedregård frå Spjelkavik vann 1. mai-løpet for tolvte gong.**

På biletet ser vi deltakarane våre. Alle imponerte med flotte løp, og nokre hevda seg i toppen av sine klasser. Det var tidtaking ned til og med 11 år. Friidrettsgjengen har den siste tida trent spesielt retta mot dette løpet, og ein kunne sjå at dei fleste av våre disponerte løpet betre enn mange av konkurrentane som fossa ut frå start med uoppretthaldeleg fart.

Seniorane, veteranane og juniorane sprang 3 kilometer, medan klassene 11-14, 9-10 og 5-8 konkurrerte i løyper på 640, 480 og 230 meters lengde. I klasse 15-18 år (900 meter) hadde vi ingen deltakarar.

Fleire bilete er å finne i [fotoalbumet](#) vårt.

[Synste Møre](#) sin artikkel frå løpet | [Arrangør Åheim IL](#) si nettside | [Kondis](#) sin reportasje

---

## FJELLTRIMMEN 2015

[01.05.15] **Fjelltrimmesesongen er for lengst godt i gang, men vi minner likevel om årets tilbod som er å finne på [sandsoyil.no/trimboker](http://sandsoyil.no/trimboker). Sjå også det nye [turkartet](#) for oppmerka løyper. Nytt av året er forslag til alternative oppmerka trasear.**

---

## HEIMEKAMPAR I OSHAUGANE

[25.04.15] **Denne veka opna tolvårslaga våre fotballsesongen med kvar sin bortekamp. Neste veke spelar begge heime. Jentelaget sin kamp går på Oshaugane Stadion på Sandsøya torsdag 30. april, mest truleg kl. 19.00. Gjestar er Moltustranda.**

Sjekk [sandsoyil.no/fotball](http://sandsoyil.no/fotball) for oversikt over kampar på Sandsøya denne våren.

## 1. MAI-LØPET

[15.04.15] [Invitasjon til 1. mai-løpet på Åheim.](#)  
Sjå den nye sida [friidrett](#) for opplegget til denne treningsgruppa.

Biletet: Sandsøy IL sin utøvar- og trenardelegasjon på fjorårets løp.

---

## FOTBALLEN RULLAR

[12.04.15] **Fotballsesongen er i gang. Sandsøy Idrettslag har også i år tre lag i samarbeid med Kvamsøy IL. Kampane begynner rundt månadsskiftet april/mai.**

Sjekk [fotballgruppa](#) for meir info.

Biletet: Frå ein G11-kamp i Oshaugane i 2014.

---

## NY MINNEVERDIG LANGFREDAG

[03.04.15] **Då var Sjutoppsturen 2015 overstått med snødekte toppar, gjørme til knes, haglebyger, solskin og over 300 deltakarar totalt. Startlister, resultatliste, oppsummering og bilete vert å finne under [Sjutoppsturen](#) og [Fotoalbum](#).**

[Oppsummering/tilbakeblikk](#).

På biletet: Dei tre raskaste herrane - Eirik Voksøy Bringsvor (i midten), Tom-Erik Lukkedal (til venstre) og Arve Rindal.

---

## 1. MAI-LØPET

[15.04.15] [Invitasjon til 1. mai-løpet på Åheim.](#)  
Sjå den nye sida [friidrett](#) for opplegget til denne treningsgruppa.

Biletet: Sandsøy IL sin utøvar- og trenardelegasjon på fjorårets løp.

---

## FOTBALLEN RULLAR

[12.04.15] **Fotballsesongen er i gang. Sandsøy Idrettslag har også i år tre lag i samarbeid med Kvamsøy IL. Kampane begynner rundt månadsskiftet april/mai.**

Sjekk [fotballgruppa](#) for meir info.

Biletet: Frå ein G11-kamp i Oshaugane i 2014.

---

## NY MINNEVERDIG LANGFREDAG

[03.04.15] **Då var Sjutoppsturen 2015 overstått med snødekte toppar, gjørme til knes, haglebyger, solskin og over 300 deltakarar totalt. Startlister, resultatliste, oppsummering og bilete vert å finne under [Sjutoppsturen](#) og [Fotoalbum](#).**

[Oppsummering/tilbakeblikk](#).

På biletet: Dei tre raskaste herrane - Eirik Voksøy Bringsvor (i midten), Tom-Erik Lukkedal (til venstre) og Arve Rindal.

---

[01.04.15]

[Les førehandsomtalen av Sjutoppsturen her!](#)

[28.03.15]

[Sjekk busstilbudet for Sjutoppsturen langfredag her!](#)

Pris per person kr 50.

Makspris for familie med inntil to vaksne + born kr 150.

Betaling ved Rosenlund samtidig med startkontingenten - kryss av i eige felt på registreringsskjemaet dersom du har vore med bussen.

Førehandspåmeldte betaler ved henting av startnummer.

[28.03.15]

Friidrettstrening tysdag 31. mars kl. 18 ved skulen.

Onsdagar frå og med 8. april.

[16.03.15]

Friidrettstreningane onsdagar kl. 18.00 vert frå og med denne veka utandørs ved skulen.

[14.03.15]

Stadig meir informasjon om den føreståande **Sjutoppsturen**.

Mellom anna er det bestilt buss som vil køyre mellom Voksa og Sandshamn langfredag.

[Her](#) finn du alt om påska sitt store høgdepunkt.

[14.03.15]

Nokre justeringar på trimtilbudet for 2015.

Oversikt [her](#).

[15.02.15]

Vi har dykka i arkivet og laga ein artikkel med bakgrunn i klubbhusprosjektet.

[Sjå/les tilbakeblikket her](#).

[07.02.15]

Årsmøte med totalt 19 frammøtte fullført.

Årsmelding, referat og oversikt tillitsvalde under **Historie**.

Eiga side om **klubbhusprosjektet** i menyen til venstre.

[19.01.15]

**Årsmøte**

Tid: Fredag 6. februar kl. 19.00

Stad: Sandsøy Skule

[Oppslag](#).

Saker må leverast til Anne Bjørg Bringsvor (971 58 911)

Enkel servering.

- Styret.

[14.01.15]

**Årsmøte fredag 6. februar 2015.**

Saksliste og ikkje minst klokkeslett kjem seinare.

Presentasjon av klubbhusprosjektet eri alle fall på agendaen.

---

[til toppen](#)

| [til nyheitsarkiv](#)